

*Mjor m 24/7. 27*

# Hagtvet og motstandskampen

Av professor Kåre Lunden,  
Oslo

I ordskiftet om motiveringa for den norske motstandskampen under andre verdenskrigen, mellom Bernt Hagtvet (9.8.) og andre, er alle partar på eitt punkt for lite radikale. Det ser ut til at alle er samde om at kampen for demokrati då kunne og kan skiljast frå striden for nasjonalt sjølvstende. Såleis skriv Ferdinand Linthoe Næshagen – i eit elles framifrå innlegg 19.8. – at motiveringa «dreier seg om nasjonalisme . . . foruten demokrati . . .».

Men dersom ein ikkje vil skrive historie ut frå politisk korrekt dagsbehov, bør ein aller først spørje: Kor langt er det, med sikte på Noreg 1940–45, meining i dette skiljet, strid for demokrati *eller* for nasjonalt sjølvstende?

«Demokrati», «folkestyre», kan aldri vere noko anna enn at folket skal styre seg sjølv, beinveges eller ved sjølvvalde representantar. Eit grunnspørsmål er då kven dette «folket» er? For ikkje-autoritær tanke lyt folket omfatte dei som sjølve definerer seg

som eit folk. Når spørsmålet gjeld tilhøvet mellom demokratisk og nasjonal tanke, er ei historisk hovudsak denne: Der fanst – og kanskje finst – ein nasjonalistisk epoke frå slutten av 1700-talet, der «folket» var det same som «nasjonen». Og nasjonen var for den tanken avgrensa, først ved objektive kulturelle kjenneteikn som sams språk, sedvanar, rett, historie, etc. Men mest avgjerande var nasjonen eller folket avgrensa ved ei subjektiv gruppekjenning, eit nasjonalmedvit. (A.D. Smith og mange andre.) Når *dette* er folket, kan ikkje strid for folkestyret omgrepsmessig, for ikkje å tale om i politisk praksis, skiljast frå strid for sjølvstende for nasjonen. Og av den grunn var gjennombrøtet for folkesuverenitetstanken og gjennombrøtet for politisk nasjonalisme historisk sett to sider ved same sak.

«Nasjonalisme» kan definerast ulikt, ikkje minst som skjellsord med høgst uklårt innhald. I fagleg samanheng er ein kjerne i all politisk nasjonalisme eit krav om ein særskild og suveren stat for nasjonen, eller for folket, i den

tydinga som er skissert ovanfor. Dersom motstandskampen 1940–45 i Noreg var nasjonalistisk i den tydinga eg har sagt, er det altså inga meining i å spørje om den var motivert ved krav om demokrati eller om nasjonalt sjølvstende. Det gjekk for det same. Min hypotese er at gransking vil vise at det stort sett var så.

Men den som vil, treng ikkje granske, og ein treng ikkje tenkje korkje demokratisk eller historisk. Ein treng ikkje spørje folket kven folket meiner at folket er, korkje no eller før. Ein kan bestemme autoritært, *for* folket, kven folket skal vere. Slik Hagtvet: «Å være norsk er å ha norsk statsborgerskap . . . Punktum.» Med tanke på motstandskampen 1940–45, som ordskiftet gjeld, er det då irrelevant å spørje kven folket då meinte at folket var. Ein har bestemt, overhistorisk, korleis den demokratiske tanken alltid var og skal vere.

Dette kan vel vere ei aktverdige verksemd, ut frå eit misjonærperspektiv. Men det er jo anti-historie, ikkje berre i praksis, men som prinsipp.